

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 002	14/353

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
005/2015	Formannskapet	PS	20.01.2015
	Kommunestyret	PS	

Kommunereforma - ny kommunestruktur, drøfting av mandat og vegen vidare

Forslag til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting utan framlegg til vedtak

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyrevedtak – 023/2014:

Kommunestyret legg til grunn at ein i vidare drøftingar skal ha som eit overordna mål å oppretthalde eit lokalt tenestetilbod på linje med i dag.

Det vidare arbeid vert å organisere ved å opprette ei styringsgruppe og eit forhandlingsutval.

Kommunestyret oppnemner formannskapet til styringsgruppe.

Forhandlingsutvalet vert sett saman av ordførar Knut Moe, leiar av solrenningslista Gisle Heimly og rådmann Øivind Olsnes

Formannskapet - 005/2015

FOR - behandling:

Ordførar og rådmann orienterte om kva som er status er for prosess og vedtak i nabokommunane - i Nordhordland og Vaksdal.

Vidare oppfølging vart døfta. Formannskapet samla seg om eit framlegg til vedtak som vert å

leggja fram for kommunestyret til godkjenning.

Samrøystes.

FOR - vedtak:

Modalen kommune går i drøftingar med nabokommunar som er interessert i dette, for å utgreie eventuell ny kommunestruktur.

Rådmennene i dei kommunane som vel å samarbeide om ny kommunestruktur får i oppdrag å utarbeide nærare prosjektplan og framlegg til mal for intensjonsavtale som skal leggjast til grunn for arbeidet.

Malen for intensjonsavtalen og prosektplanen skal godkjennast av dei respektive kommunestyra våren 2015.

Endeleg vedtak om ny kommune vert gjort i kommunestyret våren 2016.

Vedlegg:

Lindås kommune og kommunereforma (L)(56199)

Kommunereforma - drøfting av strategiar og mandat for vidare prosess